

Interpellasjon til Ordførar Lindås kommunestyre 24.09.2015

Ordførar.

På kommunen sine nettsider kan ein etter litt leiting finna fram til informasjon om Seniorsenteret.

Her står det følgjande opplysningar datert november 2013:

«-Seniorsenteret et eit aktivitetstilbod og ein møteplass for alle seniorar i Lindås kommune.

Seniorsenteret er ei eigen avdeling i sjukeheimstenesta. Tilbodet vert gjeve på Ostereidet, Lindås og i Knarvik.

Det vert lagd til rette for ei rekkje aktivitetar – til dømes helsetrim, bingo, song og musikk, seniordans, seniortreff, foredrag, senioruniversitet, data- og mobilkurs, festar og turar.»

Som ein ser er det ei lang rekke av gode tiltak og spennande aktivitetar.

Seniorsenteret er i følge teksten over eit tilbod til alle seniorar i Lindås Kommune. Det står ingenting på kommunen si nettside om kven som er seniorar, eller når og kvar dei ulike aktivitetane vert arrangert.

Spørsmål:

1. Kva er kriteriet for å verta rekna som ein senior i Lindås Kommune?
2. Meiner Lindås kommune at informasjonen ut til seniorgruppa er god nok, og at den når fram til dei som den er meint for?
3. Vil Lindås kommune endre på dagens praksis slik at kundegruppa seniorar, seniorenens familie og andre får ein enkel tilgang til oppdatert informasjon om aktiviteten på kommunens seniorsentrer?

Forslag til endring:

1. I samarbeid med heimehjelpstenesta kan programmet på seniorsenteret distribuerast ut til dei som mottar heimehjelp.
2. Oppdatere kommunen si nettside og Facebookside med informasjon om seniorsentrene.

Uansett informasjonsmetode så er det viktigaste at informasjonen når dei det gjeldt.

Mvh

Gudmund Husdal Lindås FrP.

Leiknes 21.09.2015

